



Kyrkjebladet

for
BYGLAND

Nr 3

Høst 2020

77. årgang



Tur til Vest-Telemark. Foto: Olav Nilsen.

Dette kan du lese om i **Kyrkjebladet:**

Andakt.....	s. 2
På Harry-tur til Vest-Telemark	s. 3–5
Pilegrimsvandring gjennom Setesdal	s. 6
Olsok-gudsteneste	s. 7
Familiegudsteneste på KVS Bygland	s. 8
Konfirmantar	s. 9
Gudstenesteliste, ætt skal fylgia ættarrad, anna møteverksemد	s. 10
Kontaktinformasjon og anna informasjon	s. 11
Sommarsol over Rakkenes	s. 12

Å stå til rette for sitt liv

Andakt ved sokneprest Kjell Steinbru

Det at vi må stå til rette for noko, det hører med til den allmenne oppsedinga. Det lærer borna frå sine foreldre. Sånn er det også i skulen, og i samfunnet elles. Har ein gjort noko gale, noko som strider mot det vi kjenner og veit er rett og rimeleg, så må ein stå til rette for det.

Heile samfunnet er bygd opp på dette. Derfor har vi lover, vi har politi, rettsvesen og eit fengselsvesen. Ein som bryt Noregs lover skal ikkje sleppe unna. Er det eit mindre alvorleg lovbro, eit feiltrinn, kan ein kanskje sleppe med ei åtvaring, er det meir alvorleg kan det vanke bøter, og for dei alvorlegaste lovbrota kan straffa bli fengsel.

I heimane er det mest åtvaringar som gjeld, og formaningar om å ikkje gjere gale ting, men heller strekke seg etter det som er rett og godt for ein sjølv og for dei ein er saman med. Da eg var liten var det ikkje så uvanleg med såkalla korporleg straff. Eg minnest framleis at eg fekk «dask på blanke messing-en» da eg hadde vore reint umogeleg. No er det ved norsk lov forbode for foreldre å slå sine born.

Men det som det ikkje vert slutt på, det er det at vi må stå til ansvar for våre liv. For våre misgjerningar, for alt det gale vi har gjort. I det sivile liv vert ein som bryt lova kalla ein lovbytar, eller ein forbrytar. Dette er vi vel innforstått med.

Men det er ein annan instans som vi også skal stå til rette for. Vi skal ein gong stå til rette overfor Han som har skapt oss og gjeve oss livet i gave. Herren Gud sjølv. Men her, i Guds rike, nyttast der andre ord, og regelverket er eit heilt anna.

Den Vesle Bibelen

Lat oss begynne med det bibelverset som vert rekna som ei samanfatning heile Bibelen, og som vert kalla «Den Vesle Bibelen». Det er Johannes 3,16 og det lydar sånn: «For så elskar Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv».

Dette er omtrent som Lov om vegtrafikk sin §3, den som er overordna alle dei andre: «Enhver skal ferdes hensynsfullt og være aktpågivende og varsom så det ikke kan oppstå fare eller voldes skade og slik at annen trafikk ikke unødig blir hindret eller forstyrret».

I Bibelen har vi altså dette verset i Johannes 3,16 som er overordna alle dei andre. I Vegtrafikklova nyttast det formuleringar som: Det er forbode å ... Fører av motorvogn må ikke ... Den som forsettlig eller uaktsomt overtrer bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov, straffes

Men i Bibelen si samanfatning av det heile begynner det med kjærleik: «For så elskar Gud verda». Kjærleik er eit ord ein

ikkje finn i Noregs lover. Men Bibelen er full av skildringar av Guds kjærleik til oss fortapte menneske.

Å sanna syndene

Bibelen talar heller ikkje så mykje om lovbro. Den nyttar helst eit anna ord: Synd. I ordet synd ligg det meir enn å bryta ein paragraf i ei lovtekst. Jesus seier dette til læresveinane i Joh. 16,9: «Synda er at dei ikkje trur på meg».

Når vi ikkje legg all vår synd på Jesus, han som han sona på krossen for alle våre synder, vert den hengande ved oss, og øydelegg for oss når vi skal stå til rette med våre liv overfor Gud.

1. Johannes brev 1,9: «Men dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd».

1. Johannes brev 2,1: «Mine born, dette skriv eg til dykk så de ikkje skal synda. Men om nokon syndar, har vi ein talsmann hos Far. Det er Jesus Kristus, Den rettferdige. Og han er ei soning for syndene våre, ja, ikkje berre for våre, men for alle i heile verda».

«For så elskar Gud verda ...». Guds kjærleik gjeld for oss alle som bur på denne jordkloden, han elskar oss, uansett, med ein evig kjærleik, og den gjeld, alle dagar så lenge verda står.

Gud signe kvar einskild av dykk!

På Harry-tur til Vest-Telemark 14.-16. august

Tekst og foto: Olav Nilsen og Svein Kleivane



Ein pust i bakken må til i blant.

Olav Nilsen fortel:

Etter planen skulle årets tur med dei kyrkjeleg tilsette og Vonheimkoret gått til Spania, og kyrkjeverjas "heimetrakter" i Alfaz del Pi. Diverre sette Coronaen ein stoppar for dette, og sidan heller ikkje "Harry-turar" til Sverige vart anbefalt av styresmakten, tok me kontakt med Harry Andersen som tok oss med til hans heimetrakter i Vest-Telemark. Og dermed vart det "Harry-tur" i orders beste forstand, sjølv om alle oppførte seg sørmeleg og utan "svenskehandel" av noko slag.

Dette vil Svein Kleivane fortelja meir om, men spesielt på laurdag-

en gjekk turen på kryss og tvers i ukjend terreng, og stendig dukka retningsskiltet til Haugesund opp kvar gong me kryssa E134. Det var då den norske filmen "Halvveis til Haugesund" frå 1997 dukka opp på netthinnna. Den handlar om ein fallert musiker frå Oslo som endeleg får eit speleoppdrag i Haugesund. Men undervegs gjennom Vest-Telemark tek han opp ein kvinneleg haikar med det klingande namnet Farida Svalastog - betre kjend som hallodama i NRK - Yasmin Syed. Ho innbiller han at det er snøstorm over Haukelifjell og at vegen til Haugesund difor er stengd - sjølv om det er midt på sumaren. Istaden lurer ho han til å køyre på kryss og tvers i Telemark på ukjende stiar, der dei vitjar alls slags folk og fe i både aust og vest, nord og sør.



Heile arbeidsgjengen samla. Frå venstre: Knut A. Austad, Einar Aust.



Ein pust i bakken må til i blant.

Stor takk til Svein Kleivane og Gunnar Gautland som trygt og sikkert kørde oss fram og attende

frå Bygland til Vest-Telemark på dei same svingete vegane!

Svein Kleivane fortel:



Mange tung tak.


Dei kyrkjeleg tilsette og Vonheim-koret reiste på tur til Vest-Telemark helga 14.-16.august.

Det vil seie nokre av dei. 14 personar. Planen var å nytte den kommunale bussen, men i siste litra viste det seg at den ikkje var kjørbar. Ein av bussane til KVS Bygland blei redninga, og tusen takk til KVS for det.

Turen gjekk til Vest-Telemark, og i strålende augustver kom me på fredagskvelden til Straand Hotel i Vrådal.

Laurdagen starta med besøk ved gamle Kviteseid kyrkje. Vidare til Kviteseid, der Harry Andersen vaks opp. Han var både her og under resten av turen førsteklasses guide og kjentmann. Kvitsund Gymnas som vert drevet av Norsk Lutherisk Misjonssamband (NLM) var neste stopp, og tilfeldigvis traff me rektoren som gav ei grei orientering om skulen.

Via Brunkeberg og Høydalsmo kom me etterkvart til Øyfjell, ei vakker bygd i Telemarks skog og fjell. Museet var ope, og ein engasjert og dyktig guide viste oss rundt. Så gjekk turen over ein smal fjellveg til Langlim og Flatdal. Vidare gjennom Bø og Gvarv til Norsjø hotell. Store



Mange tung tak.



Ein pust i bakken må til i blant.

kontrastar frå fjell og skog, til dei breie jordbruksbygdene der kornåkrane no stod gule og klare for hausting. Dei store åkrane med frukttrær var og eit syn, der dei bugna av diverse fruktslag. Epler, pærer, plommer og moreller.

Ja, me bur i eit land med mangfaldig natur.


Sundag gjekk turen med båten

"Henrik Ibsen" frå Ulefoss til Hogga sluse litt ovafor Lunde. Dei mange slusene var ei oppleving, spesielt for underteikna som har ei viss røynsle som matros og slusevaktar på "Bjoren". Ein lærerik båttur!

Så gjekk ferda vidare på austsida av vassdraget til Kilen feriesenter. Her var det middag og andre godsaker. Også bading for dei som trong det. Reine Rivieraen midt i Vest-Telemark! Vidare nordover til Fjågesund, over heia til Vraadal, og deretter Skafsåheia



Ein pust i bakken må til i blant.



Mange tung tak.

med stopp på Hallbjørnssekken. Kafeen var stengd, men då drivaren såg denne gjengen - som ho sikkert trudde var ei kjøpesterk gruppe - opna ho for oss.

På denne turen lærte me at det ikkje alltid er naudsynt å reise så langt for å oppleve storlagen natur og gilde folk.

Takk til Harry Andersen og Olav Nilsen for god planlegging og organisering.

Pilegrimsvandring gjennom Setesdal fra 2021

Tekst og foto: Per Emanuelsen, sekretær i arbeidsgruppa

Ideen til en slik vandring kom fra prostidiakon Helga i Nedre Otredal. Det ble derfor innkalt til et inspirasjons- og informasjonsmøte torsdag 5 mars 2020 på Vonheim bedehus i Bygland. I alt 30 personer fra nesten alle sokn i prostiet møtte fram, og det var et sterkt unisont ønske om å få dette til.

Det ble nedsatt ei arbeidsgruppe med representanter fra de 3 øverste sokn i prostiet:

Bernt Berntsen – Bykle, Sissel Åkre – Valle og Svein Kleivane – Bygland.

Planleggingen av den første av i alt 4 pilegrimsturer gjennom Setesdal, fra Fjellgardane til Vennesla er i gang. Det blir en vandring fra kirke til kirke. Enkelte etapper er litt for lange, så da benytter vi oss av innlagt båt/bil/buss skyss. Første turen er tenkt slik:

Turen starter fredag 25 juni 2021 kl. 09. med pilegrimsmesse i Fjellgardane kirke.

Vi ankommer Bykle på ettermiddag/tidlig kveld. Her blir det middag i kirkekjelleren ved ankomst. Frokost og nistepakkesmøring neste dag samme sted.

Andre dag, lørdag 26 juni starter med morgenbønn i Bykle kirke kl. 09.

Vi starter å gå rett etterpå, og ankommer Valle tidlig ettermiddag/kveld. Her blir det middag i kyrkjestoga i Sæbyggjen. Frokost og nistepakkesmøring neste dag samme sted.



Nederst i Hylesdalen, Svein Kleivane og Bernt Berntsen på rekognosering.

Tredje dag, søndag 27 juni starter med morgenbønn i Valle kirke kl 09.

Vi starter å gå like etter morgenbønn, kommer oss opp til Berg, og går Hylesdalen til Brokke kraftstasjon. Vi går til soknehuset for middag. Etterpå blir det kveldsgudstjeneste i Hylestad kirke. Frokost og nistepakkesmøring neste dag på soknehuset.

Fjerde dag, mandag 28 juni starter med morgenbønn i Hylestad kirke kl 09

Deretter går vi ut Rysstadmo, og kommer oss etter hvert ned til Austad kirke på Tveit.

Her avsluttes turen, etter et godt måltid mat, og kan hende en pilegrimskoncert i Austad kirke.

Overnatting tenkes foreløpig i 3 alternativer:

I Bykle: Bykle kirke, Bykle hotell eller privat innkvartering

I Valle: Valle skule, Bergtun hotell, eller privat innkvartering

På Rysstad: Soknehuset, Sølvgarden hotell eller privat innkvartering

Sokneråd, bygdekinnelag, sanitetsforeninger, kjentfolk og andre frivillige vil bli utfordret etter hvert som den mer detaljerte planleggingen faller på plass.

Målet er at programmet skal være klart til nyttår, sånn at påmelding kan skje fra 1. januar.

Har du en god ide, eller lyst til å hjelpe til med noe, så ta gjerne kontakt.

Svein Kleivane, Bernt Berntsen og Per Emanuelsen var 6 og 7 august ute og prøvegikk deler av de planlagte løypene for sommeren 2021.

Olsok-gudsteneste i Sandnes kyrkje

Tekst og foto: Olav Nilsen



Sandnes kyrkje ein fager sommar-kveld

Det er ein god gammal tradisjon å feira Olsok-gudsteneste i Sandnes

kapell, og deretter samlast til niste, kaffi og andre godsaker på stranda rett nedanfor.

Corona'en gjorde at ein av plass-hensyn ville ta Olsokfeiringa utandørs, og lenge såg vergudane i nåde til oss, men nokre tunge regnversskyer på ettermiddagen gjorde at me i stadenfor havna i Sandnes kyrkje på Åraksbø.

Her var ein god gjeng samla, og med Knut Gakkestad som klokkar og prost Gunnar Ellingsen som prest vart det ei feststund i kyrkja, der me endå ein gong vart minna om kva det har betydd at landet vårt vart kristna, så "ljos over landet strøymde".

Allsongen var og den alle beste, og spesielt hyggeleg var det at vår kjære sumarorganist Hans Jurgen Wiehe hadde teke turen opp frå Tyskland, og spelte så fagert til dei gode gamle salmane.

Etterpå våga en del av kyrkjelyden seg ned til fjorden, der det vanka både pølser og konfekt i tillegg til medbragt mat og drikke.

Kyrkjeverja og klokkar Svein Kleivane vart etterpå beden heim til Hans Jurgen og Karin Wiehe på velsmakande kveldsmat, og aldri har eg vel sett Sandnes kyrkje fagrare enn denne gyldne sumarkvelden.



Prost Gunnar Ellingsen talar.



Samlingsstund ved Åraksfjorden etter gudstenesta.

Familiegudsteneste på KVS Bygland

Tekst og foto: Olav Nilsen



Møtelyden samla til gudsteneste.

Tradisjonen tru vert bibel- og naturcampen på KVS Bygland avslutta med familiegudsteneste, og i år var heile 70 deltagarar i ei salig blanding av gamle og unge samla i møtesalen, der sokneprest Kjell Steinbru tala og vår kjære organist Knut Olav Uppstad spela av hjartans lyst.

Etterpå var det velsmakande middag og dessert i skulen store matsal, og alle reiste heim med stor takksemd for nok eit høgdepunkt - både for deltagarane på camp'en for kyrkjelyden i Bygland.



Sokneprest Kjell Steinbru levandegjer Peters fiskefangst saman med borna.

Konfirmantar

Bygland kyrkje 22 august



Frå venstre: Sokneprest Kjell Steinbru, Ole Christian Haugland, Thea Knutsdotter Bygland Kjetså, Ina McShane, Birgit Simonstad Kvaale, Hanna Elise Limann Berg og Håkon-Camaro Tørresen.

Årdal kyrkje i Grendi sundag den 30. august



Sokneprest Kjell Steinbru, Olav Alexander Kallhovd, Emil Sordal Rosmer, Ånund Andre Kjetså Haugslien, June Vegusdal Wetrhus, Mathea Sjøvold-Igelkjøn og Patrycja Zielinska.



Kom til Guds hus!

VELKOMEN TIL GUDS HUS, KYRKJA DI!

Facebook:

www.facebook.com/Byglandskyrkje/

Heimesida: www.kirken.bygland.no

13. september.

15. søndag i treeiningstida.

Sandnes kyrkje kl. 14:00. Gudsteneste ved prost Gunnar Ellingsen. Preiketekst: «Filipperbrevet 1,9-11: «Takk og bøn for forsamlinga». Takkoffer: Israelsmisjonen.

27. september.

17. søndag i treeiningstida.

Sandnes kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Johannes 11,17-29: «Jesus vekkjer opp Lasarus». Nordmisjonsstevne for Åraksbø Misjonslag. Taler: Ingebjørg Berstad Torp. Takkoffer: Normisjon.

4. oktober.

18. søndag i treeiningstida.

Bygland kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste

ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Matteus 8,14-17: «Peters svigermor og andre sjuke». Diakoniens dag. Per Emanuelsen deltek. Takkoffer: Bibelselskapet.

18. oktober.

20. søndag i treeiningstida.

Årdal kyrkje kl. 16:00. Gudsteneste med konfirmantpresentasjon ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Johannes 11,1-5: «Jesus var svært glad i Marta og syster hennar og Lazarus». Takkoffer: Konfirmantarbeidet.

1. november.

Minnedag.

Bygland kyrkje kl. 16:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Johannes 6,37-40: «Eg skal reisa dei opp på den siste dagen». Minnegudsteneste for pårørande til dei som har gått bort det siste året.

15. november.

24. søndag i treeiningstida.

Sandnes kyrkje kl. 16:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Johannes 6, 63-69: «Herre, kven skulle vi gå til? Du har det evige livs ord». Takkoffer: Vestagder søndags-skulekrins.

29. november.

1. søndag i adventstida.

Bygland kyrkje kl. 19:30. Lysmesse

ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Lukas 4, 16-22: «Forkynna ein god bodskap for fattige». Konfirmantane deltek. Takkoffer: Åpne Dører.

6.desember.

Årdal kyrkje. Konsert.
Bygland kyrkje. Konsert.

13.desember.

Sandnes kyrkje kl. 18:00. Me syng jola inn. Vonheimkoret.

24.desember.

Jolaftan.

Preiketekst: Lukas 2,1-20: «I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by». Byglandsheimen kl. 13:00. Årdal kyrkje kl. 14:30. Takkoffer: Kirkens Nødhjelp. Bygland kyrkje kl. 16:00. Takkoffer: Kirkens Nødhjelp.

25. desember.

Joledagen.

Sandnes kyrkje kl. 16:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Johannes 1,1-14: «Ordet vart menneske». Takkoffer: Kirkens Nødhjelp.

3. januar.

Kristi openberringsdag.

Bygland kyrkje kl. 11:00. Gudsteneste ved Kjell Steinbru. Preiketekst: Lukas 2,40-52: «Jesus som tolvåring i tempellet»

ÆTT SKAL FYLGJA

ÆTTERRAD



Dåp

Årdal kyrkje 5. juli: Tiril Helleren Hofstad.

Grunge kyrkje i Vinje: Sunniva Ose Tollefsen.

Døde

Kari Margrete Okstad, fødd 15.03.1959, død 24.07.2020

Margareth T. Austad, fødd 02.05.1925, død 07.03.2020

Ingrid Kvaale, fødd 23.10.1932, død 13.05.2020

BØNNEMØTER PÅ BYGLAND HØSTEN 2020

Velkommen til bønn i Jesu navn. Matt.7 v. 7-11:

Be, og dere skal få. Let, så skal dere finne. Bank på, så skal det lukkes opp for dere. Ledere av bønnemøtene: Gunveig Viki, Tone Gakkestad og Tove Ingeborg H. Tveitå.

Åraksbø Grendehus:	Mandag 31. aug.	Kl 19.30
Vonheim Bygland:	Tirsdag 7. sept.	Kl 19.30
Åraksbø Grendehus:	Mandag 14.sept.	Kl 19.30
Vonheim Bygland:	Mandag 28. sept.	Kl.19.30
Åraksbø Grendehus:	Mandag 12. okt.	Kl 19.30
Åraksbø Grendehus:	Mandag 26. okt.	Kl 19.30
Vonheim Bygland:	Mandag 9. nov.	Kl.19.30
Vonheim Bygland:	Mandag 23. nov.	Kl.19.30
Åraksbø Grendehus:	Mandag 7. des.	Kl.19.30
Vonheim Bygland:	Mandag 21. des.	Kl.19.30

PLANLAGTE MØTER PÅ BYGLAND HØSTEN 2020:

Vi følger Covid-19 reglene.

Onsdag. 9 sept.	kl 1900:	Åraksbø Grendehus:	Åge Solsvik taler
Onsdag. 30. sept.	kl 1900:	Åraksbø Grendehus:	Israelmote Magne Kjetsås taler
Tirsdag. 13. okt.	kl 1900:	Åraksbø Grendehus:	Oddvar Høgevoll taler og synger
Onsdag. 14. okt.	kl 1900:	Åraksbø Grendehus:	Oddvar Høgevoll taler og synger
Tirsdag. 27. okt.	kl 1900:	Åraksbø Grendehus:	Åge Solsvik taler
Torsdag 29.okt.	kl.19.00:	Vonheim bedehus.	Temakveld «Hverdagsgleder» ved Per Emanuelsen
Fredag. 30. okt.	kl 1900:	Vonheim Bedehus:	Gunnar Jeppestøl taler, Karl Torstveit m/venner synger
Tirsdag. 3. nov.	kl 1900:	Vonheim Bedehus:	Åpne Dører: Helge Hollerud taler
Onsdag. 11. nov.	kl 1900:	Vonheim Bedehus:	Misjonskveld med Hilde og Alf Halvorsen og Vonheimkoret.

Informasjon

Kjell Steinbru

Nytt konfirmantkull

I det same som vi no i august og september avsluttar konfirmantåret med konfirmasjon for dei som starta opp sist haust, så er vi også i gang med eit nytt kull. Og som alltid er det god oppslutning om konfirmasjon i Bygland. Tolv har meldt seg til konfirmasjon dette året. Dessverre starta det heile med ei avlysing. Den tradisjonelle Kick-off-en som vi har som ein god start på konfirmantåret vart avlyst. Så er det også usikkert om vi kan ha leir med dei restriksjonane som har no. Men dette kjem vi attende til. Det som er sikkert er at vi startar opp med vanleg undervisning til hausten. Det er sett opp fire dobbelttimar i haust, og så vert det seks dobbelttimar til våren. Undervisninga er på Vonheim bedehus. Første samlinga vert den 7. oktober, og so kjem presentasjonsgudstenesta som er felles for alle den 18. oktober kl. 16.00 i Årdal kyrkje. Ljosmesse og andre arrangement kjem til.

Koronarestriksjonar

Koronapandemien krev framleis at vi held metersavstand til kvarandre når vi møtast. Så langt har vi vore heldige her sørpå. Her har det vore lite smitte. Men vi må likevel følgje dei smitteverntiltaka som gjeld til kvar tid. Helseminister Høie åtvarar oss mot å tru at kampen mot viruset er vunne. Nordmenn må framleis halde avstand og vere nøyne med reinhald når dei er ute blant folk, og halde seg heime om ein kjenner seg sjuk. I kyrkja vil vi halde gudstenester som planlagt, men med desse reglane. Dei som elles bur saman kan sitte tett attmed kvarandre. Elles gjeld metersavstanden. Handdesinfeksjonsmiddel står i alle kyrkjene. Annankvar kyrkjebenk kan nyttast.

Minnegudsteneste på allehelgensdagen

Dei siste åra har vi halde ei minnegudsteneste på allehelgensdagen. Dei som er pårørande til ein som er gravlagt det siste året får ein særskild invitasjon til denne gudstenesta. Dette året har det vore få gravferder i Bygland, så langt. Difor er det viktig å understreke at denne gudstenesta er meint for alle som ber på sorg og sakn. I gudstenesta vert det tent ljós for dei avlidne det siste året. Dette er ei gudsteneste til ro og ettertanke.

Normisjonsstevne for Åraksbø Misjonslaz

Denne gudstenesta bruker vi å ha i Sandnes kapell. Men på grunn av metersavstanden som vi må halde vert kapellet for lite. Denne gudstenesta vert derfor i Sandnes kyrkje i år. Frå Normisjon kjem Ingebjørg Berstad Torp. Ho held tale og misjonsinformasjon. Velkommen til ei triveleg og interessant gudsteneste.

Trusopplæringsplan hausten 2020

Ikkje alt er heilt klart enno. Dei aktuelle årskulla får invitasjon. Men her er planen så langt:

Laurdag 26. september i Bygland kl.13.00 – 16.00: Utdeling 4-årsbok og 6-årsbok. (Superlaurdag med utdeling i kyrkja til slutt)

7. november: Kl. 13.00-14.30: Bygland kyrkje. Krøllekveld.

18. november: Eitårssamling - flyttast til småbornsong (dei får invitasjon til ei markering på Furuly i Evje)

5 og 6 desember: Lys Våken - Hornnes kyrkje

12. desember Bygland kyrkje.: Kyrkjerotter. (for både 5 og 6 åringer, sidan 6-åring-er ikkje fekk dette tilbodet i fjar da dei var fem år).

Kyrkjelydene i Bygland Tilsette og kontaktinformasjon

Bygland kyrkjekontor,
Sentrum 18
4745 Bygland
Bygland kommune: 37 93 47 00

Heimeside: kirken.bygland.no

Sokneprest Kjell Steinbru

Telefon: 473 28 472
E-post:
kjell.steinbru@kirken.bygland.no

Kyrkjeverje Olav Nilsen

Telefon: 982 99711
E-post: kbnilsen@hotmail.com

Bygland og Årdal sokneråd

Leiar: Arve Rauk
Mobil: 464 74411
E-post: arve.rauk@gmail.com

Nestleiar:

Marit Taksdal
Mobil: 414 02881
E-post: taksdal@agder.no

Tilsette

Organist

Britt Haugen 472 33 165
Hans Jurgen Wiehe 915 47 804
Knut Olav Uppstad (eige firma)
Mobil: 400 41041
Mail: uppstad@gmail.com

Klokkar og kyrkjetenar, Sandnes

Knut Gakkestad 948 80 383

Kyrkjetenar, Årdal

Tore Moseid. 462 39056

Kyrkjetenar og klokkar, Bygland

Svein Kleivane 977 74 321

Kyrkjetenar, Austad

Tore Moseid 462 39 056

Klokkar, Austad

Svein Kleivane 977 7 4321
Knut Gakkestad 948 80 383

Reinhaldarar

Tora Vegusdal (Årdal) 975 07034
Marie Bue (Bygland) 482 10 259
Magdalena Bloch
(Sandnes) 912 56159
Therese Gaustestad
(Austad) 901 94676

Prostidiakon

Per Emanuelsen 977 19173
Mail: pe-em@online.no

Returadresse: Setesdalstrykk a.s
Kinovegen 16, 4735 Evje



NORGE P.P. PORTO BETALT



*Sommarsol over Rakkenes.
Foto: Reidun Jeppestøl*